



RUNDSKRIV UDI 99-39 JURA

Saksnummer: 96/1129

Lysaker, 28.09.99

TIL: Politimeistrane

## TEIEPLIKT OG OFFENTLEG INNSYN I UTLENDINGSSAKER FOR ANDRE ENN PARTAR - FORVALTNINGSLOVA § 13

### 0. INNHALD

I. INNLEIING .....	2
II. OFFENTLEG INNSYN I UTLENDINGSSAKER.....	2
III. TEIEPLIKT I UTLENDINGSSAKER.....	2
A. Hovudregelen om teieplikt.....	2
B. Døme på opplysningar i utlendingsaker .....	3
IV. OPPLYSNINGAR SOM UTLENDINGSFORVALTNINGA KAN UMLEVERE TIL ANDRE OFFENTLEGE ETATAR.....	3
A. Unntaka i forvaltningslova § 13 b nr 5.....	3
1. «En persons forbindelse med organet» .....	4
2. «Om avgjørelser som er truffet» .....	4
3. «Opplysninger som er nødvendige for å fremme avgiverorganets oppgaver i medhold av lov, instruks eller oppnevningssgrunnlag».....	4
B. Unntaket i forvaltningslova § 13 a nr 1 (samtykkje).....	4
V. UMLEVERING AV OPPLYSNINGAR TIL PRIVATE.....	4
A. Partar og fullmektigar i saka .....	4
B. Personar opplysningane direkte omhandlar.....	4
C. Andre private personar eller instansar.....	5
1. Den som krev innsyn må trenge opplysningane.....	5
2. Opplysningane kan berre gjelde status i saka.....	5
3. Unntak; samtykkje frå den verna .....	5
VI. STORTINGSREPRESENTANTANE SIN RETT TIL OPPLYSNINGAR.....	5
VII. UMLEVERING AV OPPLYSNINGAR TIL MEDIA.....	6

## I. INNLEIING

Rundskrivet inneheld retningslinjer om kva for nokre opplysningar frå enkeltsaker utlendingsforvaltninga kan levere ut og kven desse opplysningane kan utleverast til. Bakgrunnen for rundskrivet er lova om innsyn for ålmenta (offentleglova) med forskrift, reglane om teieplikt i forvaltningslova og konsesjon frå Datatilsynet for FREMKON-registeret.

## II. OFFENTLEG INNSYN I UTLENDINGSSAKER

Utlendingsforvaltninga kan unnta saksdokument, journalar og register i utlendingssaker frå offentlig innsyn, sjå offentleglova § 11 og forskrift av 14.02.86 nr 351 punkt 8. Dette gjeld frå saka er oppretta. I utgangspunktet skal ikkje forvaltninga gje utvida innsyn i desse tilfella. Forvaltninga har derfor ikkje plikt til å utlevere opplysningar til offentlege etatar og private.

Teieplikt etter forvaltningslova hindrar offentlig innsyn, sjå offentleglova § 5 a.

## III. TEIEPLIKT I UTLENDINGSSAKER

Dette punktet handlar om kva for opplysningar som er omfatta av hovudregelen om teieplikt i forvaltningslova. Punktet handlar først om hovudregelen om teieplikt i forvaltningslova § 13, deretter blir opplysningar som er typiske i utlendingssaker omtala.

### A. Hovudregelen om teieplikt

Teieplikt etter forvaltningslova omfattar opplysningar om «noens personlige forhold», sjå forvaltningslova § 13. Opplysninga må handle om noko som det er vanleg å ønskje å halde for seg sjølv. Meir nøytrale personopplysningar er ikkje omfatta av teieplikta. Følgjande opplysningar vert som hovudregel ikkje sett på som opplysningar om «personlige forhold», sjå forvaltningslova § 13 andre ledd:

- fødestad,
- fødselsdato,
- personnummer,
- statsborgarskap,
- sivilstand,
- yrkje,
- bustad og arbeidsstad

Opplysningane som er ramsa opp i forvaltningslova § 13 andre ledd og andre opplysningar som ikkje gjeld personlege forhold, er nokre gongar likevel omfatta av teieplikta. Opplysningane er omfatta av teieplikta når «slike opplysningar røper et klientforhold eller andre forhold som må anses for personlige», sjå forvaltningslova § 13 andre ledd.

Om opplysningane røper «forhold som må anses for personlige» må vurderast i kvart tilfelle. Til dømes er bustadopplysning omfatta av teieplikta når bustaden er eit asylmottak. At ein

person er eller har vore i kontakt med utlendingsforvaltninga («klientforhold»), er ikkje i seg sjølv ei opplysning om personleg forhold og er derfor ikkje omfatta av teieplikta.

## **B. Døme på opplysningar i utlendingssaker**

Spørsmålet er kva for opplysningar som er eit «personlig forhold», sjå forvaltningslova § 13.

Opplysningar om sakshandsaming: Opplysningar om kor langt sakshandsaminga av ein søknad om opphalds- eller arbeidsløyve eller ein søknad om visum er komen, er ikkje opplysningar om personlege forhold. Opplysningar om sakshandsaminga i ei sak om asyl eller utvising er omfatta av teieplikta og skal som hovudregel ikkje utleverast. For unntak frå teieplikta, sjå punkt IV., V. og VII.

Opplysningar om vedtak: At ein person har opphalds- eller arbeidsløyve i Noreg er ikkje ei opplysning om personlege forhold. Det same gjeld opplysning om at ein person ikkje har slikt løyve. Opplysning om at ein person har fått innvilga visum, er heller ikkje omfatta av teieplikta.

Vedtak i asylsaker skal som hovudregel ikkje utleverast. Utlendingsforvaltninga kan heller ikkje utlevere opplysningar om at ein person skal bli eller er utvist, har fått avslag på visum eller fått eit løyve kalla tilbake. I desse tilfella røper vedtaket i saka personlege forhold og opplysninga er derfor omfatta av teieplikta. For unntak frå teieplikta, sjå punkt IV., V. og VII.

Opplysningar om type løyve og grunngjeving for vedtak: Kva for type opphalds- eller arbeidsløyve som er gjeve, kan som hovudregel ikkje opplysast. Desse opplysningane vil ofte røpe personlege forhold. Til dømes gjeld dette opphaldsløyve på humanitært grunnlag eller på grunnlag av innvilga asyl.

Det same gjeld opplysning om grunngjevinga for eit løyve eller eit avslag. Grunngjevinga vil regelmessig innehalde opplysningar av personleg art og vil derfor ofte ikkje kunne utleverast.

Type opphalds- eller arbeidsløyve og grunngjevinga for eit løyve eller eit avslag kan opplysast i dei tilfella ein etter ei konkret vurdering kjem til at dei ikkje inneheld eller røper opplysningar om personlege forhold. Til dømes gjeld dette ofte for arbeidsløyve på grunnlag av spesialistregelen. For unntak frå teieplikta, sjå punkt IV., V. og VII.

## **IV. OPPLYSNINGAR SOM UTLENDINGSFORVALTNINGA KAN UMLEVERE TIL ANDRE OFFENTLEGE ETATAR**

Utlevering av personopplysningar til offentlege etatar kan berre skje «i den utstrekning dette ikke strider mot lovbestemt taushetsplikt», sjå konsesjon for FREMKON punkt 4.3 nr 2. Sjø punkt 3 ovanfor om vurderinga av om ei opplysning er omfatta av teieplikta eller ikkje. Forvaltningslova § 13 a og § 13 b gjer det mogleg å gje ut opplysningar til andre forvaltningsorgan utan hinder av teieplikta. Dei viktigaste unntaka vert omtala nedanfor.

### **A. Unntaka i forvaltningslova § 13 b nr 5**

Forvaltningslova § 13 b nr 5 gjer det mogleg å gje ut visse opplysningar til andre forvaltningsorgan sjølv om opplysningane er omfatta av teieplikta. Dette gjeld opplysningar om «en persons forbindelse med organet», opplysningar om «avgjørelser som er truffet» og opplysningar «det er nødvendig å gi for å fremme avgiverorganets oppgaver etter lov, instruks eller oppnevningssgrunnlag».

1. «En persons forbindelse med organet»

Utlendingsforvaltninga kan i alle type saker gje ut opplysningar om status i sakshandsaminga av ei sak, til dømes om at ein person er eller har vore i kontakt med utlendingsforvaltninga og kor langt sakshandsaminga er komen. Utlendingsforvaltninga kan også gje ut opplysningar om dette i ei sak som ikkje krev søknad, til dømes ei utvisingssak.

2. «Om avgjørelser som er truffet»

Utlendingsforvaltninga kan også gje ut opplysningar om avgjerder i ei sak, men ikkje grunngevinga for ho. Til dømes kan det opplysast om resultatet i ei asylsak, men ikkje grunngevinga for utfallet. Utlendingsforvaltninga kan også gje ut opplysningar om kva for type opphaldsløyve som er gjeve i ei sak, til dømes opphald på humanitært grunnlag. Unntak frå underhaldskravet, avgjerd om utsett iverksetjing og avgjerd om utvising er andre døme på avgjerder utlendingsforvaltninga kan gje ut opplysningar om.

3. «Opplysninger som er nødvendige for å fremme avgiverorganets oppgaver i medhold av lov, instruks eller oppnevningssgrunnlag»

Dette unntaket frå teieplikta gjeld alle typar opplysningar. Vilkåret er at utleveringa av opplysningane fremjar utlendingsforvaltninga sine egne oppgåver og at utleveringa er nødvendig som eit ledd i å løyse desse oppgåvene.

**B. Unntaket i forvaltningslova § 13 a nr 1 (samtykkje)**

Opplysningar som er omfatta av teieplikta, kan utleverast i alle tilfelle der utlendingsforvaltninga har skriftleg samtykkje frå den personen opplysningane gjeld, sjå forvaltningslova § 13 a nr 1 og konsesjon for FREMKON-registeret punkt 4.3. nr 1.

**V. UTLEVERING AV OPPLYSNINGAR TIL PRIVATE**

**A. Partar og fullmektigar i saka**

Teieplikta gjeld ikkje for utlevering av opplysningar til partane i saka eller til fullmektigar for partane, sjå forvaltningslova § 13 b nr 1. Referansar i saka har ikkje utan vidare same rettar som ein part.

**B. Personar opplysningane direkte omhandlar**

Teieplikta gjeld ikkje for utlevering av opplysningar til personane desse opplysningane «direkte gjelder», sjå forvaltningslova § 13 a nr 1.

### **C. Andre private personar eller instansar**

Personopplysningar til andre private kan berre utleverast når opplysningane ikkje er omfatta av teieplikta (sjå punkt III. ovanfor) og opplysningane i tillegg gjeld spørsmål om status i saka («hvordan saken står»), sjå punkt 4.3 nr 3 i FREMKON-konsesjonen.

#### **1. Den som krev innsyn må trenge opplysningane**

Datatilsynet meiner at «private» må lesast med omsyn til konsesjonen sitt føremål. Dette inneber at den private som krev innsyn, må trenge opplysningane. Dette må dokumenterast. Også personar som kontaktar utlendingsforvaltninga og har Fk-nummeret til søkjaren må dokumentere behov for opplysningane.

Referansar som utlendingen sjølv har oppgjeve i saka, vil som hovudregel ha bruk for opplysningane. Om andre enn referansar treng opplysningane, må ein ta konkret stilling til dette i kvart tilfelle. Andre det kan vere naturleg å gje opplysningar til, kan til dømes vere arbeidsgjevar og skule.

#### **2. Opplysningane kan berre gjelde status i saka**

Opplysningane kan berre gjelde spørsmål om status i saka. Dette inneber at ein kan opplyse om kvar saka til ei kvar tid er i systemet, kor langt sakshandsaminga er kome og om det er fatta vedtak eller ikkje. Datatilsynet meiner at også resultatet av ei sak kan utleverast. Utlendingsforvaltninga kan derfor informere private om at ein person har fått opphaldsløyve. Det same gjeld opplysningar om at det eksisterer ei sak.

Vilkåret i konsesjonen om at opplysningane må gjelde status i saka, kan innebere at utlendingsforvaltninga er hindra frå å utlevere opplysningar som i utgangspunktet ikkje er omfatta av teieplikta i forvaltningslova § 13. Til dømes er adresse ikkje opplysning om personlege forhold (sjå punkt III.A. ovanfor), men opplysninga kan likevel ikkje utleverast ettersom det ikkje er opplysning om status i saka; «hvordan saken står».

#### **3. Unntak; samtykkje frå den verna**

Utlendingsforvaltninga kan med samtykkje frå den verna utlevere opplysningar sjølv om dei i utgangspunktet er omfatta av teieplikta og sjølv om opplysningane ikkje gjeld status i saka, sjå punkt IV.B. ovanfor.

### **VI. STORTINGSREPRESENTANTANE SIN RETT TIL OPPLYSNINGAR**

Stortingsrepresentantar er å rekne for privatpersonar og unntaka i punkt IV.A. kan derfor ikkje nyttast. Det er likevel høve for utlendingsforvaltninga å gje utvida innsyn for stortingsrepresentantar. Vurderinga av utvida innsyn er overlate til forvaltninga sitt skjønn. Opplysningar som er omfatta av teieplikta, kan ikkje under nokon omstende utleverast, heller ikkje til stortingsrepresentantar.

Ei av oppgåvene til stortingsrepresentantane er å føre kontroll med forvaltninga i den forstand at dei kan/bør følgje med om dei lover som Stortinget vedtek, verkar etter sitt føremål. I den konkrete skjønnsvurderinga skal det leggjast vekt på dette.

## VII. UTLEVERING AV OPPLYSNINGAR TIL MEDIA

Dette punkt seier berre noko om kva for opplysningar som utan hinder av teieplikta kan utleverast til media, og ikkje kven som kan gjere dette.

Når ei sak har vore omtala i media, kan forvaltninga be om samtykkje frå den verna, og på det viset få høve til å korrigere framstillinga, sjå forvaltningslova § 13 a nr 1 og punkt V.C.3.

Teieplikta kan og vere avgrensa i samsvar med forvaltningslova § 13 nr 3, «dersom ingen berettiget interesse tilsier at de holdes hemmelig, f.eks. når de er alminnelig kjent». Opplysningar som har vore omtala i media, vil vere allment kjende.

Forvaltningsorganet kan i desse tilfella gje uttrykk for at opplysningane er urette eller gjev eit misvisande bilete av saka, også når dette er i strid med interessene til den som skal vernast. Om teieplikta kan avgrensast ytterlegare, må vurderast konkret med hovudvekt på interessa til den som skal vernast. I vurderinga bør ein vurdere kor sensible opplysningane er, om det er den verna sjølv eller andre som har teke initiativ til medieomtalen, kor urette eller krenkjande dei gjevne opplysningar er og om det er fleire partar med motstridande interesser i saka.

Petter J. Drefvelin  
direktør

Henriette Munkebye  
avdelingsdirektør

Kontakt:  
Juridisk avdeling, D-seksjonen/D-1